

Her dyrkar me eng til fôr



Hest, storfe, geit og sau et gras, som timotei, kløver og engsvingel. Eng som blir hausta og lagra blir kalla grovfôr og er grunnlaget i norsk produksjon av kjøt og mjølk.

God grovfôr kvalitet er viktig for at husdyra skal vekse og trivast. Plantene sin alder, gjødsling, ugraskontroll, tidspunktet for hausting og lagring av graset er viktige faktorar som påverkar kvaliteten i grovfôret. I tillegg spelar nedbør, lys og temperatur ei viktig rolle.

På Jæren blir graset hausta tre eller fire gonger i året, medan det i Troms, Finnmark, og i fjellbygdene berre blir hausta ein gong.

Graset kan ein tørke og bruke til høy, eller ein kan lagre det i tette siloar eller i plastpakka rundballar. Grasarealet kan ein også bruke til beiting.